

Rovdyrhistorier fra Bjerkreim

*

Josefine Bendine Hadwardsdtr. Austrumdal (1846-1931) forteller om da hun som liten jente måtte passe kyrne om natta for bjørnen:

Du kan vete me var redde!

Det var ikkje så lite bjørn før i tida. Eg minnes flerre gonger ifrå eg var unge at bjørnen var og ville ta kreatura våre, og stundom fekk han også ta.

Den første gongen eg kan minnes til bjørnen var da eg var liten jentunge. Me låg alltid i løa om sommeren, både tenarene og me unger. Så var det ei natt utpå haustparten, kyrne låg borte på Lego (på sørsida av Austrumdalsvatnet), at eg vakna av et forskrekkelig leven, det var akkurat som du høyrer det når kattene sloss. Eg vekte dei andre, og det var ingen som tvista på kva det var. Det var nok bjørnen som helt til å grassera i kreturflokken. Drengene for inn og vekte far, og så bar det ned til båten så fort dei kunne. Dei hadde med den stora åttekanta skjålykta, som far alltid brukte når han gjekk og mol på kverna, for det var nokså mørkt.

Da dei var komne mest bort til Lego, fann dei ei ku som låg og flaut i vatnet, daude kan du vita, og da dei skulle sjå etter, så var det den fine raudsida kviga som låg der. Mor kalte henne alltid si, å tenk ho mor vart så overgitt da ho høyrte det at ho gråt.

Det viste seg at bjørnen hadde bitt kua i bringa. Kua var så godt slakta som ho kunne vera, men dei tok ikkje kjøtet, dei bare flådde henne og søkt henne i vatnet. Bjørnen hadde ikkje fått drept flere kyr, korleis det kan ha seg.

Dei torde ikkje la dyra vera på Lego lenger. Dei jaget heim same natta. Korleis dei fekk det til i den stygge ura ved Vaudliberget, i mørket med bara ei skjålykt, det skjøner ikkje eg.

Så trur eg at det var året etterpå, det var på haustparten, at kreatura skulle til Sørølia og ligge ute på Lego. Men nå turte dei ikkje ha kreatura liggende aleine. Eg og søster mi skulle være der om natta og passe kyrne for bjørnen. Eg trur at dei andre husfolka også skulle ligge der kvar si natt, men eg kan ikkje minnast dette så vel. Om me var redde? Du kan vite det, men når far hadde sagt at me skulle gjere ting, så nyttet det ikkje å seie imot. Kyrne låg på indre Lego, me hadde med et åklede som me skulle ha over oss for kjølen. Så la me oss i et stor hole i marka, og breidde åkledet over oss. Men du kan vete me sov ikkje. Me låg bare og skalv og venta på att bjørnen skulle koma, og tiden var så skrekkelig lang. Da det var på det mørkeste begynte kyrne å vera urolige. Dei stod og vera opp i lufta, og bles i nasane. Så tok dei til å bølja, og me opp og til å skrika og skråla det

fælaste me kunne. Men me kunne ikkje møte kyrne. Steingjerdet mellom legene som var så høgt at kyrne aldri hoppet over det ellers, men nå fauk dei over alle i hop, som om det aldri hadde funnes noe gjerding. Ute ved Røynlibekken stanset kyrne, og me fekk nå jaga dei tilbake igjen til Lego att. Og nå kom det folk heimanfrå og hjelpte oss. Dei hadde høyrte skreket og bøljinga. Kyrne vart nå jagde heim.

Morgenen etterpå skulle eg opp til Hedleflone og breia ut gras. Da eg kom på Solleite, sette eg meg ned og kvilte. Så vart eg vare noko som såg ut som en stor hund sittende på huk ovenfor Bjørnatone. Best som det var så reiste det seg og gjekk bortover fjellkanten. Da var det bjørnen som ikkje hadde kome lenger siden han var på Lego om natta.

Nedskrevet av Torvald Austrumdal.

*

Ole Torkildson Vassbø (Litl-Ola) (1853-1938) forteller om da far hans, Torkild Alvson (f.1823) jagde en bjørn med 3 unger oppå fjellet på sørsida av Ørsdalsvatnet. Og slik endte denne historien:

Da 3 bjørnunger måtte bøte med livet

Torkild Alvson Vassbø gjekk en sommer oppå fjellet på sørsida av Ørsdalsvatnet midt for Kalveskog. Dette var nok en gang omkring 1860. Der fann han ein daud sau som bjørnen hadde drepe, og han såg koss graset var nedtrødd og hadde reis seg att. «Her er han nok», sa Torkild med seg sjølv, og straks etter såg han bjørnen. «Å hausan! Her er du, din travel!» ropte han og veifta med armane. Bjørnen tok nå på å grunta mest som ein gris, og så kom det springande til han 3 unger, og så rømte dei beint mot Ørsdalsvatnet og Torkild etter så fort han kunne, veiftande og hoistande: «Hau, å hau, å hau! Nå skal du på vatnet!»

Bjørnen la rett ned ei rennetó (Ei rennetó er ein liten dal som går rett ned mot fjellstupet). Og Torkild etter alt han kunne. «Å hau, å hau, nå skal du utføre, nå skal du på vatnet!» skreik han. Bjørnen skjøna at dette bar gale i veg. Han svingte inn i ei smal tó og kom over på den andre sida, i ei onnor rennetó. Ungane kunne ikkje springa så fort som bjørnen, dei viltra seg frå mora og for lenger ned mot vatnet og kom inn i ei smal tó som gjekk vassbeint bort i stupbratte fjellet, og på resten var det bare stupbratte fjellveggen.

Her stod bjørneungane fast, og så møtte Torkild dei så dei ikkje slapp tilbake. Og nå tok Torkild på å ropa om hjelp, han skoidde og ropa alt han kunne. Der var nokre karer som arbeidde nedmed Vassbølandet, men dei høyrte ingen ting. Men Lars borte i Kalveskog høyrte det. Han tok båten og rodde til Vassbø og sa at det var visst noko borte i Skræmefjellet for det skoidde så der. Og så rodde dei bort og såg kva det var.

«Me må ut til Lauperak og få fatt i børse!» ropa dei opp til Torkjel. «ja, eg skal stå og møte dei!» ropte han att høgt oppe i fjellet. Så rodde dei i veg, og om 2-3 timar kom dei att med Per og Erik Lauperak som hadde børser med. Ein av dei prøvde å skyta ungane, men skotet nådde ikkje fram, dei skulda på krutet, det var bare minekrut som dei hadde banka sundare.

Då leitte ein frå Vassbø opp ein «brannasjarte» (trestokk) på 2-3 alner og stod ferdig i steinura under fjellet for å ta mot ungane. Torkild ékte seg bortetter tóa så langt han våga gå, og ungane tokte seg lenger og lenger bort til dei heldt på å missa fotfestet. Torkild helt seg i ei fjellskore med den eine handa, tøyde seg så langt han kunne og prekte etter ungane med ein lang stav. Dette var himla høgt oppi fjellet.

«Nå kjem dei snart!» ropte Torkild. Bjørnungane klorte seg fast i fjellrivene med dei kvasse

klørne sine, småknista og var redde. Torkild tøydde seg litt til. Og der for den eine ungen trult om trult ned fjellet. Der stod dei andre og tok imot han, og Vassbømannen gav han av dralsen så han var ferdig med ei gong. «Nå kjem dei andre to!» ropte Torkild. Og så trilla sei óg begge to med ein gong. Ein av dei hadde mest fenge sprunge vekk, men ein av mennene nådde han att og slo han i hel.

Karane visste godt at om ei stund kom bjørnen att og ville finna ungane. Derfor skulle Per og Erik liggja med børsene og passa på når han kom. Torkild hadde stade i mange timer i fjellet og var så svolten og trøytt at han nå måtte bara sjå å koma seg heim. Men nå skal du høyra: Då Torkild kom oppå fjellet – ja meiner du ikkje han fann ein sau til som bjørnen hadde drepe, og det var endå til den einaste sauen Litl-Ola Vassbø åtte, for Ola var endå bare ein unge.

Ja, så låg dei to frå Lauperak oppi rennetóa med børsene og venta, dei skulle nok få skyta bjørnen, meinte dei. Og så med eitt utpå kvelden stod han oppover dei med det breide brystet rett i mot dei. Då stokk dei så dei sanste ikkje til å skyta før det var forseint. Og så sprang dei ned og rømte ut i båten og rodde heim att så fort dei kunne. Skulle såvore folk ha lov til å ha børsa?

Torkild tok med bjørnungane til lensmannen på Bjerkreim og ville få premie. Men lensmann Thønnes Tollefsen ville ikkje gje han meir enn halve premien sidan det var ungar. «Jamen det er bjørnar enten dei er vaksne eller bare unger,» meinte Torkild. Då dei ikkje vart enige, spurte dei seg for hjå sorenskriveren i Egersund. Då slo han bare opp i boka si, og der stod det greit og tydelig: «Det er forskil på ulver og ulveunger, men 8 spesidaler for hver fældende bjørn.» – Så der ser du!

Nedskrevet av Jørgen Skjæveland.

*

Jacob Gjermundson Landsdal (1840-1930) har fortalt om bjørnejakta da den siste bjørnen ble skutt i Bjerkreim:

Den siste felte bjørnen i Bjerkreim

I juni måned i 1872 spurtest det at det var ein bjørn med 3 unger i fjella kring Landsdal. Det var ein ett-åring og to fjørunger. Heime i Landsdal kunne dei stå i garden om kveldene og sjå alle 4 koss dei rekte langs fjellkanten. Til slutt våga ikkje kvinnfolka gå oppå lega og mjølka. Då samla det seg i hop 18 mann frå Strandgardane, Odland, Støløygard og Berland. Nå skulle dei takast!

Tri mann la seg til i Skårdalen for å ta mot bjørnane, og dei andre skulle jaga. Peder Dyrskog la seg ved søre enden av Mjåvatnet og skulle møte dei så dei ikkje slapp inn i Berlandskogen. Abraham Odland og Jacob Landsdal la seg i den gongvegen som går frå Skårdalen og opp mot Bronnesfjellet. Der fann dei seg ein god plass oppi ei tó der det vaks noko eikekratl, nedenfor var eit skråberg.

Så tok dei andre på å jaga i frå Holmafjellet, og tok heile fjellet for seg frå Svelavatnet til Ørsdalsvatnet. Dei fann ingen ting til noko som heitte bjødn til dei kom fram på Mjåvassknuten og såg ned i Skårdalen. Så gjekk Jonas Netland ned Flatabakkane på Berland og sør under fjellet, og der nedunder Mjåvassknuten skræmte han opp alle 4 bjørnane. Då rømte bjørnane sør under fjellet mellom fjellet og vatnet og prøvde å koma opp Geitastien og Ullstien, men alle stader var der folk som dreiv dei ned att med skrik og steinkast.

Då dei kom så langt sør som der Peder Dyrskog låg, fekk dei véret av han og sette beint opp etter det bratte fjellet der ingen trudde det var fram komande. Då Peder såg det, kasta han treskorne, sprang over åa og opp urda etter dei. Men då han var komen midt i ura, var bjørnane på toppen. Og med det same den siste skulle over kanten, skaut Peder. Den minste bjørnungen reiste seg på to og datt så bakover heilt ned i ura. Dei andre bjørnane var nå kome til kanten av Lansdalskogen, men nå

kom det så mykje folk at dei fór ned att i Skårdalen. Og så tok dei vegen opp til Bronnesfjellet. Og der oppe, veit me, låg Abraham Odland og Jacob Landsdal og lurde. Jacob skulle skyta først, hadde dei avtalt. Og då dei såg den store bjørnen kom hompande opp skråberget rett i mot dei, halla Jacob seg bakover så han fekk børsa på kneet, men då skalv kneet så at han fekk ikkje sikta. Då skaut Abraham med ei børse han hadde arbeidet sjølv heime i smia, og bjørnen sturta og låg og spende, og så sende Jacob sitt skot i han. Dei to ungene som var att, snudde og tok ned over fjellet, og der i den litle trikanta ura kom dei aldeles bort, det var heilt uråd å finna dei att.

Der er eit loddrett fjell på eine sida og vatnet på den andre sida og på den tredje sida stod nå 18 mann og passa på. Men ungene kom bort. Så hogg dei nokre store greiner og la bjørnane oppå og drog dei ned mot Ørsdalsvatnet. Men vegen var steinet og vond å koma fram på. Så fekk dei bjørnane i båten og rodde til Odlandstøet. Frå Odlandstøet kjørte dei bjørnane til Egersund der slaktarane flådde dei og parterte dei og kjøtet sende dei til Haugesund. Nett då var det stor festlighet i Haugesund, for Haraldstyttta vart då avduka av sjølvaste konsprins Oskar 2. Så fekk dei god middag, steikt bjørnekjøtt.

Sidan utpå sommeren var Sakarias Hegelstad og tenestejenta Berte Bjørnstad og slo i Hegelstaddalen. Då såg dei to bjørneunger oppi fjellet. Då tok Sakarias ein ljå og kraup opp i fjellet og ville jaga dei utfor. Men ungene såg han og klora seg høgt opp i brattaste fjellet og fekk koma seg vekk. Og sidan spurtest det at dei hadde sett ungene oppi Jensaheia – og dermed var dei siste bjørnane i Bjerkreim borte.

Det er ikkje kjent at nokre mennesker i Bjerkreim har blitt skadet eller drept av bjørn, men han har tatt husdyr av alle slag; både hest, ku, sau og geit.

Nedskrevet av Jørgen Skjæveland

*

Her er samlet flere historier som omhandler ulven, eller «skrubben» slik de før i tiden sa i Bjerkreim. Historiene gir et godt bilde på hvilken plage den kunne være:

Skrubben herjer i bygda

I 1860-åra kom alle skrubbar bort i heile Sør-Norge. Siden har det bare blitt observert enkelte streifdyr, men så vidt en veit er ingen siden sett i Bjerkreim. Disse historiene som er omtalt her er altså fra før denne tiden.

En vinter kjørte Sakarias Hegelstad (1839-1932) til Tjørna og ville hogge ved. Da han kom til Reistabakken, ville ikkje øyken gå kor mye Sakarias slo og jaga på. Og da han såg etter hva det var vart han var 7 skrubbar i Besselunden. Da snudde han heim att med en gang. Dei la etter han, og det var bare så vidt dei ikke nådde han att før han kom heim.

Da Peder Dyrskog (1840-1904) var liten, gjekk han til Hegelstad et ærend. Det var mørke natta da han gjekk heim att. Og da hørte han koss skrubbane ylte alt i eitt oppå Osmundstadvfjellet, og dei var mange hørte han. Men dei kom ikkje etter han så han kom velberga heim.

Ingeborg Helland (1840-1929) voks opp på Litle-Svela. Ho fortalte at da ho var liten, var skrubbane så nærsøkte om vinteren. Om kveldene kunne en høyre koss dei ylte oppi fjella. Og tidt såg dei 12-14 skrubbar som vabba i snøen etter kvarandre oppå fjellkanten. På lang avstand såg det ut som et steingjerde.

I en vinterdag i 1862 gjekk Salve Birkeland (1811-1881) til Trollshauane (Vikeså) et ærend. Mens han var borte sleppte son hans, han Anders, ut en årsgammel fole for at han skulle få kjæta og velta seg i snøen. Da Salve kom heim att traff han på 12 skrubbar et lite stykke frå vegen. Mette og gode satt dei der og sleikte seg om munnen og bare såg på han. Folen hadde de da ete opp.

Rakel Versland (1832-1902) gjette på Laksesvela da ho var liten. Ein dag kom skrubben og tok ein sau. Ho tok staven og la etter skrubben, men han var så sprek at ho nådde han ikkje att likevel om han drog på sauene.

Ei natt var det slikt leven og raml på Sandane-stølen i Austrumdal. Hadvar Austrumdal (1813-1872) og drengen fór ut, og da såg dei at grindagardane var sprengde og sauene og geitene sprang for livet. Dei såg at det var det to skrubbar som halte og sleit på en bukk dei hadde tatt. Drengen la etter dei og fekk tak i bukken, da slepte den eine skrubben, men den andre slepte ikkje taket før drengen spente han i vomma med treskosnuten. Men bukken var så vondt faren at han dauda.

Dei brukte gift til å tyna skrubben med, men han var så seigliva, det skulle mykje til før han dauda av det. En gong hadde Torkel Fuglestad (1818-1894) og Mikkel Fuglestad (1828-1904) lagt gift i en sau og drege han nord i Fonnalaget, for det helt seg en skrubb i Fuglestadmarka. Da dei litt seinere kom og skulle sjå om saueskrotten, hadde skrubben vore der og ete på han. Dei fylde da etter han omlag 2 km. og tok han att på Grobbaskaret i skiftet med Nordås. Da var han trøytt, og der skaut dei han.

Det fortelles at Ola Nilson Eikeland (1841-?) fann eit skrubbabøle i Espeåsen attmed Gravdalsåna. Han bar heim ungane i underbuksa.

Sommeren 1864 kom det en mann gående av slåtten nord med Opsalandsvatnet på Tysland. Da vart han var ein skrubb som låg på flate marka. Da han kom heim og fortalte det gjekk 3 mann i veg, og dei fann skrubben omlag på same staden. Da skaut Sven Tysland (1821-1894) han. Han var så tung at det var et heilt slit å bera han heim. Dette vart den siste skrubben i nedre del av Bjerkreim, og så vidt en veit var dette den siste skutte ulven i Bjerkreim.

Det finnes mange slike ulvehistorier fra Bjerkreim, om ulvens herjinger med husdyr, men ingen heldigvis som omhandler mennesker skadet eller drept av ulv.

*

I gamle dager trudde dei at jerven var en liten bjørn, derfor sa dei «bjønnsærven». Han kunne drepe heile flokker med sauer uten å eta på dei, og for over store fjellvidder – bjønnsærven var den styggaste dreparen:

Nokre historier om «bjønnsærven»

Det var ein sommer Hadvar Austrumdal (1842-1872) hadde slakta ein bukk, og så sa han til gjætaren om morgonen at han kunne koma heim til non og få god kjøtsuppe når krøtera hadde roa seg på Øvre Lega. Og i nonstid gjekk han heim og fekk ferskt bukkekjøtt. Etterpå gjekk han opp til lega, men da var det ikkje eit liv å sjå.

Han sprang og leitte og kom så over ein drepen sau. Straks etter fann han ein til. Men da han fann den tredje i hel-reven, sprang han heim og sa det. Alle som kunne sleppa i frå sprang opp til lega. Straks dei var komne ut i lia, kom geitene springane i mot dei, oppøste og redde, men ingen geit var borte.

Sauene fann dei spreidde utover i fleire småflokkar. Dei var så skræmte at dei rømte da dei såg folk. Da dei endelig fekk samla flokkane i hop og rekna dei, var det 22 levande sauer, det felte 18. Dei såg inga udyr, men det var nok bjønnsærven som hadde vore ute – 18 sauer hadde han drepe, utan å eta på dei.

En gong i 1893 skulle Lars Fuglestad (1866-1929) og drengen gå til Trollshauane (Vikeså) og betala banken. Då dei kom til Krokavatnet, såg dei nokre svære labba-forer. Dei trudde det var sjølve bjørnen som hadde labba forbi. Dei fekk tak i Thomas Fuglestad (1859-1941) og fortalte kva

dei hadde sett. Han ladde munnladningsbørse si, så la han i veg til Krokavatnet og såg snart at det var jervespor. Disse fulgte han utover Holmavatnet mot sørvest, langs Snøsvantn og Svartatjørn og over Varafjellet og ned Storedalen mot Storsheivatnet i tett eikeskog. Så kom jerven til Trongsla-ura under Nonsfjell og kraup inn i et hol. Tomas la trøya og børse i holet og skunda seg heim etter hjelp. Dei hadde hund med seg og slepte den ned i ura. Med eitt kom jerven rennende ut og Thomas skaut så han trillet. Han fekk 20 kroner i premie for han. Det var ein stor han-jerv. Thomas selde han til Stavanger Museum og fekk 18 kroner for han.

Jacob Landsdal (1840-1930) fanga ein gong to jerver i ei steinfelle han sette opp i Skårdalen, ikkje så langt fra vasskanten til Ørsdalsvatnet.

Det fortelles at Nils Buarskog og Endre Lomeland reiste til Holmen, tok opp til Støløygard og vidare inn fjellet. Dei ville på revejakt. Da dei kom på kanten og såg ned Skårdalen, såg dei ein jerv der nede. Dei skaut etter han, men avstanden var for stor, så dei sat og såg på koss han fór vidare austetter. Det nytta ikkje å leggja etter han.

Så var det jerven som om sommeren 1909 kom fra kysten ute med Jæren og tok til fjells. Det første sporet fann dei i Odlandstøet. Og så tok han til å drepa i Hytlandsmarka, og siden la han inn etter heiane til Bjordalsheia, og der tok han til å drepa for alvor. Han drap og drap og grov det ned. Ein dag forfulgte Thomas Fuglestad og Georg, son hans, denne jerven i Øyestølsheia. Då det mørkna, smaug han inn i ei stor ur i Kvitladalen. Dei kunne høyra koss han låg der inne og knurra. Georg skulle prøva å få han ut, men han greidde det ikkje. Dei måtte gå heim att og tok ut dagen etter, men fann han ikkje att.

Om vinteren reise Endre Lomeland og Anders Svindland og Harald Polden til heis. Dei heldt det gående på vekevis der oppe. Jerven skulle nå tas. Men dei fekk ikkje tak i han for han gøymte seg gong på gong i nokre store urer. Ein dag fann dei brauta hans som gjekk inn i ei ur, og dei kunne ikkje få han ut kor mykje dei strevde. Så mura dei til alle holer og ville stengja han inne og svelta han i hel, men dagen etter hadde han gravt seg ut under muren, og var nå fri att.

Atter var dei på sporet hans, og atter hadde han gjøymt seg innunder nokre steinar i Bjordalsheia. I kveldinga murte dei til ein sterk mur, for det var så lagelig til med murestein der. Så ville dei koma att dagen etter med lykt og prøva å få han ut. Men om natta vart det regn og snølass som sette inn med frost, og så sette det inn med snø og rennefokk av det fæle slaget så heile knausen snødde under.

Om våren gjekk dei opp at og såg. Muren var like heil, og då dei kom inn låg jerven der, stein-daud. Han hadde svolt i hel, denne sauedreparen. Det har nok vore nokre streifdyr i Bjerkreim sidan og, men dette er den siste jerven i Bjerkreim som me veit om som drepte sau.

*

KILDE:

Gamalt fraa Bjerkreim
Samla av Jørgen Skjæveland

*

Aaland Gård, august 2011
Paul Tengesdal